



**Notat**

Dato: 03.12.2014  
Arkivsak: 2014/22978-3  
Saksbehandlar: oysskar

---

Til: Sigrid Næsheim Bjercke

Frå: Øystein Skår

---

**Fråsegn kulturminne. Ytrebygda bydel - Birkeland, Liland, Ådland og Espeland - Kommunedelplan til offentlig ettersyn - Plan nr. 61020000 - Bergen kommune**

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Det er laga eit godt kulturminnegrunnlag, og konsekvensutgreiinga er omfattande og god. Vi har berre merknader til nokre av vurderingane.

**Automatisk freda kulturminne**

Ytrebygda bydel er rik på kulturminne, både automatisk freda kulturminne frå før 1537, og kulturminne frå nyare tid. Det same gjeld for delar av planområdet. Det er likevel lågt konfliktnivå mellom kjente automatisk freda kulturminne og nye område foreslått regulert til bebyggelse og anlegg.

Hovudtyngda av automatisk freda kulturminne er konsentrert i sørvestleg del av planområdet. Mange kulturminne ligg innafor funksjonell strandsone. Fleire av dei forhistoriske gravhaugane og gravrøysane i dette området har fått godt vern i form av omsynssone med formål bevaring av kulturmiljø.

Dette området har en stor tetthet av gravanlegg frå jernalder, og er det største kystgravfeltet vi har i Hordaland. Det må sjåast på som ein viktig del av samfunnsstrukturen i eldre jernalder der gardstuna låg lengre inne på Espeland, Ådland, Liland og Birkeland mens gravanlegga synleggjorde maktstrukturar og eigedomsforhold langs kysten. Denne delen av planområdet er ein del av eit særskilt kulturmiljø av nasjonal interesse. Grunna området sin betyding for forhistoria bør øyane Little Løholmen og Store Løholmen innlemmaste i planområdet. Det er kjend ti automatisk freda gravminne berre på desse øyane, og i dag ligg dei like utanfor plangrensa. Øyane er ein del av det samanhengande kulturmiljøet og det vil styrke vernet av kulturminna om dei vert integrert i planen.

((På øyane Little Løholmen og Store Løholmen er det kjent ti automatisk freda gravminne. Øyane er ein del av det samanhengande kulturmiljøet, og for å styrke vernet av kulturminna foreslår Hordaland fylkeskommune å innlemme Little Løholmen og Store Løholmen i planområdet.))

I sørlig del av denne delen av skjærgården som er vist som omsynssone bevaring kulturmiljø ligg Grunnasundholmane som er foreslått regulert til friområde og friluftsområde. På den nordligaste holmen er det kjend ei stor gravrøys, ID 6705, som er vurdert til å ha middels verdi i konsekvensutredninga. Som ein del av eit heilheitleg kulturmiljø der gravlegging har vore sentralt er vår mening at dette kulturminnet må vurderast til å ha stor verdi.

I områder med ny arealbruk der det ikkje er registrert automatisk freda kulturminne, kan det verte naudsynt med arkeologiske registreringar for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova. Dette må avklarast på reguleringsplannivå. Det same vil gjelde for opparbeiding av turvegar som er planlagd å binde saman dei ulike friområda, då denne vil gå i områder som har høgt potensial for funn av ukjende automatisk freda kulturminne.

#### **Nyare tids kulturminne**

Vi er einige i at kulturmiljøet i kulturlandskapet på I/K/L6 Liland nord har høg verdi, men ikkje høgare enn dei automatisk freda gravrøysene på F3 og FS3 Grunnasundholmane, som er sett til middels. Gravrøysene har høg kulturminneverdi.

Vidare er det ikkje lagt inn avbøtande tiltak for stort tap av kulturmiljø i kulturlandskap på I/K/L6 Liland, sjølv om kulturminneverdien er vurdert til å være høg. Det er i staden føreslått omsynssone bevaring på B8 Bashaugen, sjølv om kulturminneverdien er vurdert til å være liten og konsekvensen 0. Vi rår til at bruk av omsynssone kulturminne etter plan- og bygningsloven § 11-8, pkt. c) knytast til dei kulturminna i planområdet som har høgst verdi.

Tapet av kulturmiljøet på I/K/L6 Liland nord er ikkje ubetydeleg, og det minkar av slike i Bergen kommune. Vi vil likevel ikkje rá i frå reguleringa på I/K/L6 Liland, då kulturminneverdiane venteleg ikkje vil få ein god situasjon i framtida.»